

---

Saknr: 2020/46484-18  
Saksbehandlar: Ingvar Skeie

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

**Godkjenning av årsrekneskap for Hordaland fylkeskommune 2019**

Forslag til innstilling

1. Årsrekneskapen for Hordaland fylkeskommune 2019 vert godkjend.
2. Disponering av overskot:

Reduserte låneopptak	55,6 mill. kr
Avsetning større IKT-prosjekt	15,0 mill. kr
Reservefond (korona-situasjonen)	38,2 mill. kr
Forstudie Akvariet i Bergen	2,5 mill. kr
<b>Sum</b>	<b>111,3 mill. kr</b>

**Samandrag**

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å godkjenne årsrekneskapen 2019 for Hordaland fylkeskommune og legg fram forslag til disponering av årsoverskotet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmannIngrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Saksframlegg til kontrollutvalet
- 2 Årsrekneskap 2019 for Hordaland fylkeskommune
- 3 Revisjonsberetning Hordaland fylkeskommune 2019
- 4 Revisjonsrapport Hordaland fylkeskommune 2019
- 5 Uttale frå kontrollutvalet

**Saksutgreiing**

Vedtakskompetanse

Fylkestinget skal i følgje kommunelova av 1992 vedta årsrekneskap og disponering av rekneskapsmessig årsoverskot.

Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Rekneskapen for 2019 er historie, men gjennom disponering av overskotet kan ein i noko grad påverke utviklinga i lånegjeld og disposisjonsfond.

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

### Rekneskapsresultat

Driftsrekneskapen for 2019 vart gjort opp med eit overskot på 111,3 mill. kr.

Netto driftsresultat vart 91,5 mill. kr, eller 0,9 % av driftsinntektene. I 2018 var netto driftsresultat 90 mill. kr (1,0 %).

### Avsetjingar og bruk av disposisjonsfond

Ein kan gje slikt oversyn over avsetjingar og bruk av disposisjonsfond i 2019:

	Avsetjing	Bruk	kr 1 000 Netto
Regionalavdelinga	1 284	-4 650	-3 366
Kultur	15 148	-21 795	-6 647
Tannhelse		-1 827	-1 827
Opplæring / skolar	28 847	-39 920	-11 073
Eigedom	3 299		3 299
Fellesfond	15 315	-68 900	-53 585
<b>Total</b>	<b>63 893</b>	<b>-137 092</b>	<b>-73 199</b>

Med unntak av Eigedom, har alle avdelingane i tabellen ovanfor hatt netto bruk av disposisjonsfond i 2019. Samla netto bruk av disposisjonsfond i drifta var 73,2 mill. kr. I tillegg vart det brukt 1,9 mill. kr i investeringsrekneskapen. Disposisjonsfond er dermed redusert med 75,1 mill. kr.

Ved årsskiftet stod det totalt 267 mill. kr i disposisjonsfond. Dette utgjer 2,7 % av driftsinntektene. I 2018 utgjorde disposisjonsfonda 3,6% av driftsinntektene.

### Investeringsrekneskapen

Det vart investert for 3 403,9 mill. kr. (Denne summen inkluderer 22 mill. kr i prosjekt der fylkeskommunen har vore «bompengeselskap»). Revidert budsjett var 4 228,8 mill. kr.

Lån var største finansieringskjelde for investeringane med 1 090 mill. kr. Bompengar utgjorde 990 mill. kr.

Når det gjeld meir detaljar om rekneskapen, vert det vist til årsmeldinga og rekneskapshefte.

### Revisjonsmeldinga

I revisjonsmeldinga, datert 20. april 2020, konkluderer revisor slik:

«Etter vår meining er årsrekneskapen som følgjer med, gitt i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til fylkeskommunen per 31. desember 2019, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapskikk i Noreg.»

### Handsaming i kontrollutvalet

Kontrollutvalet handsama årsrekneskapen i møte 11.05.2020. Saksførelegget følgjer som vedlegg til saka.

I uttalen frå kontrollutvalet finn ein følgjande oppsummering:

1. Kontrollutvalet er uroa over at Hordaland fylkeskommune si lånegjeld er særst stor og utgjør ved utgangen av 2019 110,3 % av fylkeskommunen sine årlege driftsinntekter.
2. Lånegjelda har vore særst høg i ein del år og kontrollutvalet meiner at denne utviklinga ikkje kan halda fram. Fram til 2018 trappa fylkeskommunen opp avdragsbetalinga kvart år. Kontrollutvalet er uroa over at ein i 2019-budsjettet ikkje fann rom for vidare opptrapping av avdraga for å bremsa gjeldsveksten.
3. Kontrollutvalet er og uroa over at netto driftsresultat i 2019 vart på 0,94 % medan måttalet for fylkeskommunane bør vera på minst 4 %. Kontrollutvalet har og merka seg at i 11 av dei siste 12 driftsåra er netto driftsresultat i Hordaland fylkeskommune lågare enn gjennomsnittet av dei andre fylkeskommunane.
4. Kontrollutvalet merkar seg og at ubunde disposisjonsfond er lågare enn tilrådinga frå Riksrevisjonen på minst 5%, sett i forhold til driftsinntektene. Ubunde disposisjonsfond for Hordaland fylkeskommune ligg i årsrekneskapen for 2019 på 2,74%.
5. Kontrollutvalet oppmoder Vestland fylkeskommune om å prioritere forbettingsområda som kjem fram i revisjonsrapport 2019 nr. 23, frå Deloitte

Ut over det som er nemnd over, og det som går fram av saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapssaka samt revisjonsmeldinga av 20.04.2020 og revisjonsrapport 2019, nr. 23, dagsett 20.04.2020, har kontrollutvalet ikkje merknader til Hordaland fylkeskommune sin årsrekneskap for 2019.

### Disponering av overskotet

I følgje § 48 i kommunelova skal fylkestinget gjere vedtak om disponering av overskotet.

Finansutvalet slutta seg i møte 26.03.2020 til ein handlingsregel som seier at 50 % av rekneskapsoverskot skal gå til å erstatte låneopptak. Halvparten av overskotet frå Hordaland fylkeskommune utgjør 55,6 mill. kr.

Fylkesrådmannen gjer vidare framlegg om å avsetje 15 mill. kr til større IKT-prosjekt som kjem i perioden 2021-2022. Fylkeskommunen er saman med andre fylkeskommunar med i eit nasjonalt prosjekt knytt til innføring av eit nytt skuleadministrativt system. Fylkeskommunen står og framfor ei omfattande utskifting av system innafor vegadministrasjon. Dette arbeidet skjer også i samarbeid med dei andre fylkeskommunane. I tillegg må Vestland fylkeskommune i 2021 gjennomføre anbod for nytt sak- og arkivsystem, jfr tidlegare intensjonskunngjering. Alle desse prosjekta vil krevje ekstra ressursar for å sikre ei trygg og god implementering i organisasjonen. Fylkesrådmannen gjer difor framlegg om å setje av 15 mill. kr til dette føremålet.

I sak PS 62/20 gjorde fylkesutvalet vedtak om å yte støtte til forstudie for Akvariet i Bergen med 2,5 mill. kr. Fylkesrådmannen har innarbeidd denne summen i forslaget til disponering av rekneskapsoverskotet for 2019.

Det står etter dette att 38,2 mill. kr av overskotet frå Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen gjer framlegg om at denne summen vert avsett som ein intern buffer med tanke på korona-situasjonen. I 2020 vil fylkeskommunen få svikt i inntekter frå kollektivtrafikk, tannbehandling, skatt etc. Ein reknar med å få kompensasjon frå staten, men det er uvisst om ein vil få full dekning. Grunna stor usikkerheit knytt til statleg kompensasjon, vil det vere naudsynt med ein reserve til rekneskapsavslutninga. Ein er elles pliktig til å stryke nye avsetjingar til disposisjonsfond og overføringar frå drift til investering for å unngå rekneskapsmessig meirforbruk.

Om det skulle vere noko igjen av avsetjinga inn i 2021, kan også dette kome godt med. Det kan til dømes ta tid før inntektene i kollektivtrafikken er tilbake på nivået frå før korona-pandemien.

### Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkestinget til å godkjenne årsrekneskapen for 2019.

### Oppsummert

Fylkesrådmannen viser også til eiga sak om godkjenning av årsrekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Samla tilråd fylkesrådmannen slik disponering av overskotet for dei to tidlegare fylkeskommunane som no vert vidareført gjennom Vestland fylkeskommune:

Reduserte låneopptak	91,6 mill. kr
Reservefond (korona-situasjonen; ekstern støtte)	35,8 mill. kr
Reservefond (korona-situasjonen; intern buffer)	38,2 mill. kr
Avsetning større IKT-prosjekt	15,0 mill. kr
Forstudie Akvariet i Bergen	2,5 mill. kr
<b>Sum</b>	<b>183,1 mill. kr</b>